



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Melding om tilsyn 2017 - Nav Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland skal føre tilsyn med kommunen sitt ansvar for dei sosiale tenestene etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 9. Vi har planlagt å føre tilsyn med Nav Meland kommune 21. og 23. november 2017.

Tema for tilsynet er økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing til personar mellom 17 og 23 år. Det vil særleg bli lagt vekt på at kommunen sikrar brukarmedverknad, at tenestene er tilgjengelege og at søknadar om økonomisk stønad blir handsama i samsvar med lova sine krav, under dette krav til individuell vurdering.

Fylkesmannen ber om at kommunen peiker ut ein kontaktperson for førebuinga av tilsynet og at namn på kontaktpersonen blir sendt oss på e-post innan 12. september 2017.

Plan for tilsynet er:

Tysdag 21. november 2017
Torsdag 23. november 2017

Opningsmøte, dokumentgjennomgang og intervju
Intervju (dersom behov) og sluttmøte

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokument innan 23. oktober 2017:

1. Organisasjonskart eller anna som viser ansvar, mynde og oppgåver innan det aktuelle området
2. Delegasjonssystem/-reglement
3. Samarbeidsavtale mellom kommunen og Nav fylke
4. Oversikt over personell på alle nivå med ansvar for tenestene tilsynet omfattar (namn, stilling, stillingsbrøk, tilsett frå, utdanningsbakgrunn)
5. Eventuell vurdering av sårbarheit eller evaluering innanfor området som er gjort siste to år
6. Eventuelle skriftlege prosedyrar/ rutinar/ retningslinjer som gjeld sakshandsaming av søknadar om økonomisk stønad og opplysning, råd, rettleiing
7. Eventuelle avtalar om samarbeid mellom Nav og andre tenester som gjeld den aktuelle brukargruppa
8. Dokument som viser oversikt over tal på klagar og eventuelle avgjerder frå Fylkesmannen for 2016 og 2017
9. Oversikt over eventuelle avvik og oppfølging av avvik siste to år
10. Opplysningar om rutinar og aktivitetar som inngår i leiinga si oppfølging og

- gjennomgang av styringssystemet
11. Opplæringsplan eller liknande
 12. Andre dokument kommunen meiner kan vere relevant for tilsynet

Vi ber om å få tilsendt oversikt over alle vedtak (avslag og innvilga) om økonomisk stønad og råd/retteleing for 2016 og 2017 for den brukargruppa tilsynet omfattar. Vi ber og om å få tilsendt dei siste 20 vedtaka med tilhøyrande søknadar. Dersom mengda dokument er svært omfattande, ver venleg å ta kontakt for avtale om annan måte å gjere dette på. Under tilsynet vil vi gå nærmare gjennom sakene og ber om å få lagt fram alle dokument som har hatt betydning for avgjerslene i sakene.

Vi ber om at det går fram av oversendingsbrevet kva dokument som er unnateke offentlegheit.

Som del av tilsynet ønskjer vi å invitere eit utval tenestemottakarar til samtale. Vi vil komme tilbake til på kva måte og kva tid samtalane skal gjennomførast, men vil komme til å be om hjelp frå kommunen til å velje ut tenestemottakarar i målgruppa for tilsynet.

Tilsynet blir utført som systemrevisjon. Dette inneber å innhente og gjennomgå skriftleg informasjon, samt intervju med leiarar og andre tilsette i tenestene. Konklusjonane frå tilsynet vil bli gjort kjent i sluttmøtet og i ein eigen rapport. Rapporten er offentleg.

Program for tilsynet blir sendt i veke 45. Der vil det gå fram tidspunkt for opnings- og sluttmøte og kven som skal intervjuast til kva tid. Det er ønskjeleg om alle som er sett opp til intervju, kan delta på opnings- og sluttmøtet. Vi ber om å få disponere eit eigna møterom for gjennomføring av opnings- og sluttmøtet, og for gjennomføring av intervju.

Tilsynet vil bli gjennomført av Martha Havre, Vibeke Herskedal og Birthe Christiansen, med sistnemnde som tilsynsleiar.

Kontaktopplysningar:

Birthe Christiansen: fmhobl@fylkesmannen.no tlf 55 57 22 35

Vibeke Herskedal: fmhovhe@fylkesmannen.no tlf 55 57 22 44.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Birthe Lill Christiansen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.